



Sigve Eldøy  
Lyngnesvegen 6  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/689 - 15/11778

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

12.06.2015

## Fellingsløyve for hjort 2015

Vedlagt følgjer fellingskvote for dykkar vald i 2015 i Meland kommune.

Utval for drift og utvikling har i møte den 09.06.2015 (sak 46/2015) fastsett fellingskvoten til 146 dyr for 2015 (sjå vedlagt referat). Statistikken frå jakt dei siste 10 åra og vår-teljinga viste klar teikn på nedgang i bestand og administrasjonen fremma derfor forslag om ein reduksjon på 50 dyr etter innspill frå valdleierane. Reduksjonen har vorte gjennomført både på bestandsplaner og på dyr tildelt etter retta avskyting. Ein vil nå følgje nøye med på utviklinga framover for å vurdere behov for nye justeringar. Jakta må gå føre seg i tidsrommet 01.09-23.12 2015.

Ein vil minne om at jegerane etter viltlova må har skrifteleg ettersøksavtale med godkjent ettersøkshund/ettersøksekipasje før jakta tek til. Nordhordland jakt og fiskarlag si ettersøksgruppe *Vilttelefonen* gjev tilbod til jegerar (sjå vedlegg). Ein vil samstundes minne om jegerane si ettersøksplikt etter påskutt hjortevilt etter viltlova. Etter endring av viltlova i fjor kan ein nå nytta kunstig lys på ettersøk etter påskutt hjortevilt. Viser til tidligare informasjonen om dette. Men ein vil minne om det skal varslast dersom ein skal nytta kunstig lys før ettersøket starter (sjå vedlegg). Varsling skal skje til jaktrettighetshaver, kommune og politi, samtlige skal varslast. Kommunen kan varslast ved å sende ein sms eller e-post til underteikna på 97 51 10 80 eller [marius.knudsen@meland.kommune.no](mailto:marius.knudsen@meland.kommune.no).

Under jakta skal jeger ha med gyldig jegeravgiftskort, våpenkort, godkjent skyteprøve, og jeger/jaktlag må ha med dokumentasjon for godkjend ettersøkshund for hjort. Den som mot eller utan vederlag stiller jaktrett til rådighet for andre, pliktar å forvise seg om att jegeravgifta er betalt.

Kommunen kan under jakta sørgje for kontroll av jegeravgiftskort, våpenkort, godkjent skytterprøve, våpen og ammunisjon, felte dyr og dokumentasjon for godkjent ettersøkshund. Kommunen kan krevje att valdansvarleg, jaktleiar eller jeger gir melding om tilgang på godkjent ettersøkshund.

Alle jegerar skal fylle ut *sett hjort* skjema (vedlagt). Jegerane leverer skjema til sine valdansvarlege som fører resultatata over på **eit** skjema som sendast til kommunen innan **14 dagar** etter att jakta er avslutta. I storvald skal jegerane sende skjema til jaktfeltleieren som fører resultatata over på **eit** skjema, og sende dette vidare til valdansvarleg. Valdansvarleg fører så resultatata over på **eit** skjema og sender dette til kommunen **innan 14 dagar** etter att jakta er avslutta. Ein vil samstundes minne om at alle rubrikkar må fyllast ut for at skjema skal kunne registrerast på hjorteviltregisteret (sjå vedlagt informasjonsskriv).

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Jaktleder kan velje å registrere *sett hjort* skjema for sitt jaktfelt på <http://settogskutt.no/>. Disse registreringene skal kvalitetssikrast av valdansvarleg før han/ho godkjenner alle data og dei vert importert til hjorteviltregisteret.

Ein vil også minne om at frå og med jaktåret 2015 skal dykkar **ikkje** betale inn fellingsavgiftene sjølve etter jakta er avslutta. For å gjere oppfølgingsarbeidet lettare vil økonomikontoret lage og senda ut faktura til kvart vald med skyldig fellingsavgift.

Valdansvarleg sender inn fellingsresultatet. Fellingsresultatet skal fyllast ut på nedre del av vedlagt skjema; *fellingsløyve og fellingsrapport*. Heile skjemaet skal sendast inn til kommunen **innan 14 dagar** etter att jakta er avslutta.

Om rett til å klage på tildelte dyr, sjå vedlagt orientering (§ 27, tredje ledd i forvaltningslova).

Dersom noko er uklart eller de har spørsmål, ta kontakt med underteikna.

## Skitt jakt!

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

### Vedlegg:

Fellingsløyver hjort 2015

Vedtak om fellingskvoter 2015

Giro for avtale med vilttelefonen

Informasjonsskriv om bruk av kunstig lys på ettersøk av påskutt hjortevilt

Sett hjort skjema

Informasjonsskriv om utfylling av sett hjort.

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak

**Mottakere:**

Sigve Eldøy	Lyngnesvegen 6	5917	ROSSLAND
Steinar Sunnhordvik	Ådlandsvegen 333	5918	FREKHAUG
Terje Erstad	Melandsvegen 260	5918	FREKHAUG
	A		
Jan Audun Sagstad	Indre Sagstad 47	5918	FREKHAUG
Helge Husebø	Kårbø 9	5917	ROSSLAND
Tor Husebø	Øvredalsvegen 64	5918	FREKHAUG
Roar Sudmann	Hjelten 16	5918	FREKHAUG
Terje Hilland	Skarpenesveien	5918	FREKHAUG
	120		